



15.11.2012.

Til

Kulturdepartementet,

Oslo.

Høyrings svar - En kunnskapsbasert kulturpolitikk. Kulturdepartementets eksterne FoU-utval.

Høgskulen i Volda har mottatt til høyring rapporten frå Kulturdepartementets eksterne FoU-utval, En kunnskapsbasert kulturpolitikk. Ein sentral konklusjon frå utvalet er at kulturpolitisk forskning må tilførast meir midlar (s.9). Dette er Høgskulen i Volda samd i, og vi vil streke under at det er eit stort behov for dokumentasjon og forskning innafor kulturfeltet. Svak satsing på FoU i Kulturdepartementet og manglande strategiplan for FoU (s. 30) har vore problematisk. Med auka nasjonal satsing på kulturfeltet, vil dei nye framlegga til tiltak for å styrke forskingsaktiviteten vere svært viktige.

I høyringsnotatet ber Kulturdepartementet særleg om tilbakemelding i høve kunnskapsbehov og organisering. Høgskulen i Volda vil her streke under behovet for auka satsing på forskings- og utviklingsarbeid knytt til barn og kunst og til helse- og kulturfeltet. I samband med spørsmålet om organisering vil Høgskulen i Volda rå til at ein nyttar eksisterande struktur i Forskringsrådets verkemiddelapparat, og at ein lar den auka FoU-aktiviteten skje i dei eksisterande forskingsmiljøa knytte til medie- og kulturforskning.

Kunnskapsbehov

Høgskulen i Volda (HVO) vil særleg understreke behovet for forskings- og utviklingsarbeid knytt til barn og kunst. Den norske satsinga på Den kulturelle skulesekken(DKS) er eineståande, og representerer den største nye einskildsatsinga på kultur her i landet det siste tiåret. I tillegg legg Kulturløftet 2 opp til ei unik satsing på kulturskulen, og friske utviklingsmidlar er delte ut til feltet dei siste to åra. Kulturskuleutvalet, som leverte sin rapport Kulturskoleløftet - Kulturskole for alle 07. 09. 2010, gav i si oppsummering uttrykk for at det var trong for eit eksternt evalueringsarbeid som burde "følge pengene", ei form for følgjeforskning (s.112). Vidare skreiv Kulturskuleutvalet:

Kulturfeltet blir i stadig større grad oppfattet som et felt av allmenn interesse, og bevisstheten om at kunst og kultur griper inn i ulike sider ved samfunnslivet er økende. I et dannelses- og utviklingsperspektiv er det spesielt viktig å ha relevant kunnskap om feltet. Siden det enkelte departement har hovedansvaret for forskning innenfor sin sektor, er det i forhold til realisering av Kulturløftet II særlig grunn til å videreutvikle samarbeidet mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet i forhold til dokumentasjon og forskning (s.110)

I skjeringspunktet mellom barnefagleg og kustfagleg kompetanse finst såleis eit felt som i særleg grad står i fare for å falle utanfor prioriteringane, ikkje minst av di det sorterer under fleire departement. Verdien av kunstsatsinga som DKS representerer, kan neppe vere godt dokumentert, gitt situasjonen i skulen i dag her i landet:

Despite the overall view expressed that the cultural climate in Norway had improved markedly over the past decade, almost the reverse could be said of the provisions in schools and in teacher education (Prof. Anne Bamford, Arts and Cultural Education in Norway 2010/2011).

HVO vil også trekkje fram forskning knytt til eit anna felt som involverer fleire departement; kultur- og helseområdet. Manglande dokumentasjon av helsegevinsten av ulike typar kulturaktivitetar er problematisk, ikkje minst i samband med den nye folkehelsesatsinga. Vi tenkjer her spesielt på verdien av dei gode opplevingane, anten desse er knytt til fysisk aktivitet og friluftsliv, eller til ulike kunstuttrykk. Manglande forskning og dokumentasjon i høve dette, gjer at nasjonale satsingar av typen «Kultur gir helse» ikkje får større samfunns effekt.

I Noreg har målretta og langsiktige folkehelseiltak primært handla om fysisk aktivitet og betre kosthald og livsstilsvanar. Etableringa av frisklivssentralar som eit tilbod i kommunehelsetenesta er eit eksempel på korleis trening og ernæring vert fokusert i helsefremjande arbeid. Til samanlikning har det vore relativt lite fokus på strategisk og langsiktig bruk av kunst og kultur i helsefremjande arbeid, og mange kommunar har så langt ikkje kulturaktivitetar som ein integrert del av folkehelse-tilbodet.

Systematisk utvikling av kunnskap og kompetanse om verknaden av både kunstnarleg og fysisk aktivitet bør ha høg prioritet. Særleg er det viktig å sjå nærare på effekten av ulike kulturtilbod til utsette grupper i samfunnet. Målet bør vere å stimulere til utprøving av kulturelle verkemiddel i folkehelsearbeidet for å utvikle tilbod som har ein dokumentert effekt, og som kan bli ein del av det helsefremjande tilbodet i åra framover. Slik kan kulturell aktivitet bli ein sentral strategi i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet.

Organisering

HVO er usikre på om etablering av eit forskingsfond og eit eige forskingsinstitutt er den beste løysinga. Begge grepa vil medføre oppbygging av nye administrative apparat som krev ressursar. Å nytte eksisterande struktur i Forskingsrådets verkemiddelapparat og å la den auka FoU-aktiviteten skje i dei eksisterande forskingsmiljøa knytte til medie- og kulturforskning, vil truleg gje meir FoU-aktivitet for pengane. Fleire av kulturforskingmiljøa er i UH-sektoren. Auka FoU-aktivitet her vil også verke til betre utdanningstilbod gjennom meir FoU-basert undervisning.

Medieforskning

I tillegg til dei to problemstillingane Kulturdepartementet særleg ønskte kommentarar til, vil Høgskulen i Volda gje nokre synspunkt på moment knytte til medieforskning.

Medieforskarar har ikkje vore representerte i utvalet som har skrive rapporten, noko som er ein klar veikskap og svekkjer tiltrua til vurderingane som gjeld medieforskning.

Vurderinga av at mediefeltet er «tilstrekkelig utviklet til å gi et godt kunnskapsgrunnlag» er det vanskelig å vere samd i. Eksisterande statistikk på området gir god oversikt over ein del sider ved medieverksemdar og publikum, men medieinnhaldet er dårleg dokumentert. Samstundes er utviklinga slik at alle sider ved media konvergerer: Bedrifter blir fleirmediale, innhald blir remediert og publikum multitaskar. Denne fleirdimensjonaliseringa reiser også store problem for mediestatistikk.

Dei fleste norske medieutdanningar er knytte til profesjonsutdanning - først og fremst i journalistikk. Desse er ikkje nemnde i utgreiinga. Dette er ein alvorleg mangel både fordi profesjonsutdanningar er viktige produsentar og brukarar av medieforskning og fordi profesjonsutdanningane truleg kan bidra med løysningar på mange av utfordringane som utvalet peikar på.

Vi er samde i vurderingane når det gjeld behovet for større rammer til kultur- og medieforskning. I andre nordiske land har det vorte etablert breie forskingsprogram, noko som bør gjerast også i Noreg. Anvendt medieforskning bør enten styrkast gjennom auka midlar til RAM (Rådet for anvendt medieforskning) eller ved at slike prosjekt generelt, eller profesjonsforskning spesielt, blir omfatta av det nye forskingsprogrammet.

Vi er usamde i at det er behov for å opprette ein ny forskingsorganisasjon for å arbeide med kultur- og medieforskning, sidan det alt finst mange og sterke forskingsmiljø, slik utvalet skriv. Det er betre å satse på eit eige forskingsprogram som nemnt ovanfor. Vidare bør eksisterande fagmiljø styrkast, mellom anna ved framleis å legge til rette for at forskingsdata skal vere lett tilgjengeleg. Her kan særleg Medienorge og det nordiske samarbeidet NORDICOM nemnast.

Med helsing frå Høgskulen i Volda,

Per Halse, rektor.